

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, møterom 367, Fylkeshuset, Bergen  
**Dato:** 11.11.2015  
**Tidspunkt:** 11:00-15.35

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Kvamme	Medlem	A
Kirsten Syljeset	Medlem	H
Nils T. Bjørke	Leiar	SP
Geir Angeltveit	Medlem	V
Gustav Bahus	Medlem	FRP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Jon Askeland	Medlem	SP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Kjetil Hestad	Atle Kvåle	A

**Merknader****Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Olav Finn	Avd direktør SVV
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

**Sakliste**

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
------------------	---------	-----------------	--------

PS 108/15	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 109/15	Godkjenning av møtebok forrige møte	
PS 110/15	Referatsaker (Meldingar)	
RS 92/15	Tidsdifferensierte bompenger - oversendingsforslag til samferdselsutvalet	2015/1426
RS 93/15	Svar på spørsmål - trafikksikringstiltak på fylkesvegane mellom Seim og Feste/Lygra	2015/2400
RS 94/15	Svar på spørsmål om risiko i vegtunnelar med Hydrogen som energibærar	2015/2400
RS 95/15	Fergefri E39 Stavanger - Bergen. Nå må vi ikke rote det til på Vestlandet!	2014/15115
RS 96/15	Kopi - Fastsamband til Huglo - oppdatert kostnadsoverslag - ferjeavløsningsmidler og overslag kostnad reguleringsplanarbeid	2015/9427
RS 97/15	Oversendingar til samferdselsutvalet	2015/2400
RS 98/15	Nye Ferjeanbod - framdrift	2014/19309
PS 111/15	Hydrogenteknologi i Hordaland	2014/20763
PS 112/15	Grønt skifte til fornybar tungtransport	2014/20763
PS 113/15	Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2016	2015/10375
PS 114/15	Handlingsprogram 2016 - 2019 Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278
PS 115/15	Fylkesvegane - Plan- og byggeprogram 2016	2014/22536
PS 116/15	Omklassifisering av Fv. 48 gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen	2014/11976
PS 117/15	Omklassifisering/statusendring på Rv. 13 - Bu i Ullensvang kommune	2014/11976
PS 118/15	Fråsegn - Reguleringsplanar for Sotrasambandet - Bergen og Fjell kommune	2014/10587
PS 119/15	Søknad frå Tide Buss AS om løyve for direkterute til/frå Bergen lufthamn	2015/8325
PS 120/15	Løyving av ekstra tilskot til ferjesambandet Hufthamar-Krokeide	2015/580
PS 121/15	Omklassifisering av fylkesveg til riksveg	2014/11976
PS 122/15	Nytt knutepunkt Voss – finansieringsløyving	2015/10415
PS 123/15	Trafikkplan for kollektivtrafikken i Sunnhordland	2015/7972
PS 124/15	Bussanlegg i Sunnhordland	2014/15801
PS 125/15	Søknad om etablering av 5 nye reserveløyve tilknytt Sveio Taxi DA	2015/232
PS 126/15	Kjøp av bussanlegg i Nordhordland	2015/791
PS 127/15	Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019	2015/5430
PS 128/15	Ymse	

## **PS 108/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **PS 109/15 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Vedtak**

Møteboka frå møte den 30. september 2015 vart godkjent.

## **PS 110/15 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

**RS 97/15 Nils Marton Aadland** minna om spørsmål frå John Torsvik i eit tidlegare møte, og presiserte at i spørsmålet låg det ei forventning om å få innsyn i anbudsgrunnlaget.

**RS 92/15 Tidsdifferensierte bompenger - oversendingsforslag til samferdselsutvalet**

**RS 93/15 Svar på spørsmål - trafikksikringstiltak på fylkesvegane mellom Seim og Feste/Lygra**

**RS 94/15 Svar på spørsmål om risiko i vegtunnelar med Hydrogen som energibærer**

**RS 95/15 Fergefri E39 Stavanger - Bergen. Nå må vi ikke rote det til på Vestlandet!**

**RS 96/15 Kopi - Fastsamband til Huglo - oppdatert kostnadsoverslag - ferjeavløsningsmidler og overslag kostnad reguleringsplanarbeid**

**RS 97/15 Oversendingar til samferdselsutvalet**

**RS 98/15 Nye Ferjeanbod – framdrift**

## **PS 111/15 Hydrogenteknologi i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer næringsutvikling basert på hydrogen velkomen til fylket og vil fremje gode prosjekt med sine tilgjengelege verkemidlar.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til CMR Prototech sine planar om fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass og vil vere del av den tilhøyrande brukargruppa.
3. Hordaland fylkeskommune oppmodar Enova om å tilpasse sine støtteordningar til å fremje overgang til hydrogenteknologi i transportsektoren.

## **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer næringsutvikling basert på hydrogen velkomen til fylket og vil fremje gode prosjekt med sine tilgjengelege verkemidlar.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til CMR Prototech sine planar om fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass og vil vere del av den tilhøyrande brukargruppa.
3. Hordaland fylkeskommune oppmodar Enova om å tilpasse sine støtteordningar til å fremje overgang til hydrogenteknologi i transportsektoren.

## **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer næringsutvikling basert på hydrogen velkomen til fylket og vil fremje gode prosjekt med sine tilgjengelege verkemidlar.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til CMR Prototech sine planar om fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass og vil vere del av den tilhøyrande brukargruppa.
3. Hordaland fylkeskommune oppmodar Enova om å tilpasse sine støtteordningar til å fremje overgang til hydrogenteknologi i transportsektoren.

## **PS 112/15 Grønt skifte til fornybar tungtransport**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune stiller seg bak erklæringa «Grønt skifte til fornybar tungtransport».
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen komme tilbake til korleis Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre sine forpliktelser.

## **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune stiller seg bak erklæringa «Grønt skifte til fornybar tungtransport».
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen komme tilbake til korleis Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre sine forpliktelser.

## **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune stiller seg bak erklæringa «Grønt skifte til fornybar tungtransport».
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen komme tilbake til korleis Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre sine forpliktelser.

## PS 113/15 Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2016

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit lågutsleppsalternativ
8. Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.

### Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H:

«Pkt. 5.8 Rushtidsavgift: Utgår.

Strategi B: *Nytt punkt*: Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang og sykkelveier samtidig.

Pkt. 5.16: Differensierte bompenger: Utgår.»

### Røysting

Stenseide sine forslag pkt. 5.8 og pkt. 5.16 fekk 5 røyster (FRP/H) og fall.

Stenseide sitt forslag til *Nytt punkt* vart samrøystes vedteke saman med fylkesrådmannen sitt forslag.

### Innstilling

1	Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2	Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3	Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4	Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5	I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6	Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7	Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit lågutsleppsalternativ
8	Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9	Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.
10	Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang og sykkelveier samtidig.

### Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

**Gustav Bahus** sette på vegne utvalet fram forslag til nytt pkt 7.

Omgrepet «lågutsleppsalternativ» vert endra til «nullutsleppsalternativ».

**Marthe Hammer** la fram oversending.

**Natalia Golis** sette fram forslag til nytt pkt 6.

Klimabudsjett skal følgje alle vegutbyggingsprosjekt

### **Røysting**

Gustav Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke

Natalie Golis sitt forslag fekk 6 røyster (MDG, H, FRP, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med endra pkt 7 vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebelts fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit nullutsleppsalternativ
8. Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjuar dette.

### **Oversending frå Marthe Hammer (SV).**

Endre punkt 7 til:

7) Fylkestinget ynskjer ei raskare innfasing av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken

a) Framlegg til milepælar for redusert utslepp av Klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2015 frem til 2025.

b) Ny anbudsrunde for kollektivtilbodet i Bergensregionen skal leggje til grunn at Trolleybussnettet vert utvida i tråd med forslaga i Trolleybusmeldinga og få inn Euro 6 motorteknologi med bruk av biogass.

c) Samlet planoversikt for Bergensområdet med sikte på at trolleybuss skal bli tungt matebussalternativ.

d) Plan for utviding av trolleybussnettet frå Paradis og Indre Sædal til Birkelundstoppen og frå Strandkaaien til Oasen vert lagt fram for politisk handsaming før sommaren 2016.

Nytt punkt 10) Ordninga med tidsdifferensierte bompengar i Bergen bør endras slik at ordninga gir ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet.

11) Fylkestinget ber om at all planlegging av Rullebane 2 på Flesland vert stoppa

13) Til tiltak "5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggåtar Punkt D. tiltak 19. Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggåtar i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg."

Til saka som vert framlagt for fylkesutvalet i januar om anbudsgrunnlaget så skal det krevjes bruk av fornybar energi der det er mogleg. Det skal også i saka verte framlagt ein plan for korleis ein ser for seg tilførsel av energi (m.a. infrastruktur og tilførsel av straum), og om dette skal vere innanfor eller utanfor anbodet.

## **PS 114/15 Handlingsprogram 2016 - 2019 Kollektivstrategi for Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2016-2019 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.  
**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

**Marthe Hammer** la fram oversending.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2016-2019 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

### **Oversending frå Marthe Hammer (SV).**

1. Som innstillinga
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber om at SVV legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrka kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut
6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er.
7. Sanntidsoversikt over køar med beregningar for forsinkelsar av kollektivtilbodet – app og internett.

## **PS 115/15 Fylkesvegane - Plan- og byggeprogram 2016**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og for Bergensprogrammet.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

**Marthe Hammer** sette fram forslag til ny innstilling.

- 1) Bergensprogrammet: Fylkestinget ber fylkesordførar kontakte statlege myndigheiter med sikte på å sikre 70 % statlig finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.
- 2) Fylkesvegane utanom Bergen:
  - a) Fylkestinget ynskjer sak som visar måloppnåing av vedtaket i planen punkt 2.3.3 (s. 29) om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar. Der målet ikkje er nådd vert det lagt frem tiltaksplan i eigen fylkesvegplan for gang og sykkel.
- 3) Fylkestinget er ikkje nøgd med at Hordaland har dårlegast vegdekke på fylkesvegane i landet målt etter tilstand (u)jamnheit i % av veglengda. Fylkestinget ber Stortinget i budsjettet for 2016 gje ei løyving som gjer at Hordaland kan ha eit asfalt vedlikehald på gjennomsnitt i landet. SVV har regna at løyvinga må aukast frå 40 til om lag 130 millionar. Samfunns- arbeids- og næringsliv i fylket må ha betre bruksvegar.

### **Røysting**

Marthe Hammer sitt forslag til ny innstilling fekk 1 røyst og fall.  
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og for Bergensprogrammet.

## **PS 116/15 Omklassifisering av Fv. 48 gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen på Fv. 48, vert omklassifisert til kommunal veg.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen på Fv. 48, vert omklassifisert til kommunal veg.

## **PS 117/15 Omklassifisering/statusendring på Rv. 13 - Bu i Ullensvang kommune**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet har ikkje merknader til at gamle vegen på utsida av Butunnelen på Rv. 13 vert oppretthalden som riksveg, med statusendring til gang- og sykkelveg.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet har ikkje merknader til at gamle vegen på utsida av Butunnelen på Rv. 13 vert oppretthalden som riksveg, med statusendring til gang- og sykkelveg.

## **PS 118/15 Fråsegn - Reguleringsplanar for Sotrasambandet - Bergen og Fjell kommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasambandet er svært viktig for å leggje til rette for betre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforslaga er i tråd med regionale mål innan effektiv nyttetransport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.
2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på strekninga Straume til Storavatnet frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegnar i planane som sikrar dette. I tillegg bør



det vere kollektivprioritering på lokalvegen mellom Bildøy og Straume terminal.

3. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkrysset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som rå.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at innfartsparkering på Kolltveit vert innarbeid som ein del av reguleringsplanen i Fjell kommune.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at:
  - a. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
  - b. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner
  - c. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningsliner til kommuneplanen sin arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.

### Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

**Marthe Hammer** sette fram forslag til endra innstilling

Nytt forslag 1: Et Sotrasamband som foreslått i reguleringsplanen vil innebære at vegkapasiteten i området blir tredobla, etter at ny firefeltsveg er bygt og dagens to-feltsbru er ferdig rehabilitert. Reguleringsplanen innebær eit grovt brot på lokale, regionale og nasjonale målsettingar. Både Klimaforliket og Nasjonal Transportplan slår fast at all vekst i persontransport skal skje ved at folk går, sykklar eller reiser kollektivt. Det er nødvendig med ein kraftig reduksjon av personbiltrafikken i Bergen innan 2030. Med sin massive satsing på auka bilkapasitet, undergrev reguleringsforslaget overordna mål, og fire av dei seks hovedmåla som den skal oppfylle. Planforslaget er eit klart brot med Klimaforliket og Nasjonal Transportplan 2014.

2. Tillegg punkt 2: Etter 2. Setning: Dette betyr gjennomgåande kollektivtrasè.

Tillegg punkt 2: Planen må også dimensjoneraast for ei framtidig bybane til Straume. Mellom Sotra og fastlandet skal det til saman fortsatt berre vera to felt for bilar, som i dag.

Nytt punkt 6. Reguleringsplanen må inkludere separate og adskilte gang- og sykkelveg på heile strekningen.

**Natalia Golis** sette på vegne av MGD og V fram forslag til ny innstilling pkt 2.

2. Fylkesutvalet meiner det er avgjerande at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer den nasjonale målsetjinga om at framtidig trafikkvekst skal skje med kollektivtransport, sykkel og gang jmf. vedtatt Klimaplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert **prioritert på gjennomgåande kollektivtrasé i frå kollektivknutepunkt og inn til sentrum** frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivprioritering på lokalvegen mellom Bildøy og Straume terminal.

**Jon Askeland** sette på vegne av SP, H, A, KRF, FRP fram forslag om endra pkt 2 og 4.

Pkt 2 siste setning.

I tillegg bør det vera kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume/Bildøy.

Nytt pkt 4.

Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeidar innfartsparkeringar der kommunen sjølv ser det høveleg.

### **Røysting**

Marthe Hammer sitt forslag fekk 1 røyst og fall

Natalia Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, V) og fall.

Jon Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3 og 5 vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasamabandet er svært viktig for å leggje til rette for betre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforslaga er i tråd med regionale mål innan effektiv nytte-transport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.
2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasamabandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på strekninga Straume til Storavatnet frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegnar i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vera kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume/Bildøy.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkrysset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som råd.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeidar innfartsparkeringar der kommunen sjølv ser det høveleg.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at:
  - d. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasamabandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegnar.
  - e. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasamabandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegnar
  - f. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningsliner til kommuneplanen sin arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.

### **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag til vedtak til nytt pkt. 2:

«Fylkesutvalt meiner at det er avgjerande at utforminga av Sotrasamabandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer den nasjonale målsetjinga om at framtidig trafikkvekst skal skje med kollektivtransport, sykkel og gangveg, jf. vedtatt Klimaplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på gjennomgåande kollektivtrasè frå kollektivknutepunkt og inn til sentrum frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegnar i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivprioritering på lokalvegen mellom Bildøy og Straume terminal.»

**Kjell Gitton Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf, V, H, og Frp:

«Pkt. : Siste setning endra til: I tillegg bør det vere kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume og Bildøy.

Nytt pkt. 4: Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeidar innfartsparkering der kommunen sjølv ser det høveleg.

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag til pkt. 2 vart vedteke med 12 røyster mot Andersland sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.3 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag til nytt pkt. 4 vart vedteke med 12 røyster mot fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 som fekk ei røyst (V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.5 vart samrøystes vedteke.

## Innstilling

1. Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasambandet er svært viktig for å leggje til rette for betre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforslaga er i tråd med regionale mål innan effektiv nyttetransport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.
2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på strekninga Straume til Storavatnet frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume og Bildøy.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkrysset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som rår.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeider innfartsparkering der kommunen sjølv ser det høveleg.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at:
  - g. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
  - h. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner
  - i. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningslinjer til kommuneplanen sin arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.

## PS 119/15 Søknad frå Tide Buss AS om løyve for direkte rute til/frå Bergen lufthamn

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 07.10.15 frå Tide Buss AS om å køyre direkte rute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn, og at frekvensen vert utvida frå 4 til 6 turar per time.
2. Haldeplassen i Olav Kyrres gate skal berre vere for påstiging, ikkje for regulering av rutetider.
3. Nykjøpt vognmateriell som vert nytta i ruta skal ha motor med så lågt avgassnivå som tilgjengeleg på marknaden, for tida Euro VI.

### Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 07.10.15 frå Tide Buss AS om å køyre direkterute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn, og at frekvensen vert utvida frå 4 til 6 turar per time.
2. Haldeplassen i Olav Kyrres gate skal berre vere for påstiging, ikkje for regulering av rutetider.
3. Nykjøpt vognmateriell som vert nytta i ruta skal ha motor med så lågt avgassnivå som tilgjengeleg på marknaden, for tida Euro VI.

## PS 120/15 Løyving av ekstra tilskot til ferjesambandet Hufthamar-Krokeide

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at budsjettet for 2015 vert endra slik:

Stad	Art	Tekst	Meirutg/mindreinnt	Mindreutg/meirinnt
10.310.210.00	13700	Fylkesvegferjer	2.560.000	
10.720.200.00	14900	Rådveldekontoen		742.000

2. Fylkesutvalet godkjenner at restsummen på kr 1.818.000 vert dekkja over budsjettkapittelet for fylkesvegferjer.

### Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

**Gustav Bahus** sette fram protokollmerknad.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at budsjettet for 2015 vert endra slik:

Stad	Art	Tekst	Meirutg/mindreinnt	Mindreutg/meirinnt
10.310.210.00	13700	Fylkesvegferjer	2.560.000	
10.720.200.00	14900	Rådveldekontoen		742.000

2. Fylkesutvalet godkjenner at restsummen på kr 1.818.000 vert dekkja over budsjettkapittelet for fylkesvegferjer.

### Protokollmerknad frå Gustav Bahus (FRP).

FRP peikar på at intensjonen bak vedtaket i haust var at kostnaden for 2016 og 2017 skulle innarbeidast i budsjettet. FRP konstanterer at dette ikkje er gjort i fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett, og er dermed overlatt til fylkespolitikarane. FRP har ambisjonar om å få dette med i det politiske budsjettarbeidet.

## PS 121/15 Omklassifisering av fylkesveg til riksveg

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er av den oppfatning at det er lite meining i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.

2. Fylkesutvalet viser til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma, og vil kome tilbake med ei samla vurdering av eigarskap til det offentlege vegnettet i samband med fylkeskommunale vedtak om framtidig regionalt nivå hausten 2016.
3. Fylkesutvalet vil og understreke at behovet for å auke satsinga på «større veger med sterke næringsinteressere» vil kunne ivareta ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vart ytterlegare styrka. Det er vanskeleg å sjå at endringar i eigarskapet på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

**Jon Askeland** sette på vegne av SP, A, SV, KRF, H, SV, V fram oversendingsforslag.

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet er av den oppfatning at det er lite meining i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.
2. Fylkesutvalet viser til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma, og vil kome tilbake med ei samla vurdering av eigarskap til det offentlege vegnettet i samband med fylkeskommunale vedtak om framtidig regionalt nivå hausten 2016.
3. Fylkesutvalet vil og understreke at behovet for å auke satsinga på «større veger med sterke næringsinteressere» vil kunne ivareta ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vart ytterlegare styrka. Det er vanskeleg å sjå at endringar i eigarskapet på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar.

#### **Oversendingsforslag frå Jon Askeland.**

Utvalet for miljø og samferdsel sender saka attende til administrasjonen og ber om ei utgreiing på aktuelle fylkesvegar som kan omklassifiserast til riksveg.

### **PS 122/15 Nytt knutepunkt Voss – finansieringsløysing**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet meiner Voss har ei viktig rolle som regionsenter og knutepunkt for kollektivtrafikken.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med åtte millionar kroner i anleggsbidrag til nytt terminalbygg ved Voss stasjon, og at dette vert lagt inn i budsjettet for 2016.
3. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med inntil 23 millionar kroner til ny bussterminal ved knutepunkt på Voss, og at dette vert lagt inn i budsjett for 2016, men legg til grunn at prosjektet er fullfinansiert før anleggsarbeidet vert satt i gang.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet meiner Voss har ei viktig rolle som regionsenter og knutepunkt for kollektivtrafikken.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med åtte millionar kroner i anleggsbidrag til nytt terminalbygg ved Voss stasjon, og at dette vert lagt inn i budsjettet for 2016.

3. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med inntil 23 millionar kroner til ny bussterminal ved knutepunkt på Voss, og at dette vert lagt inn i budsjett for 2016, men legg til grunn at prosjektet er fullfinansiert før anleggsarbeidet vert satt i gang.

## **PS 123/15 Trafikkplan for kollektivtrafikken i Sunnhordland**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt i Trafikkplan for Sunnhordland om forbetringar i kollektivtilbodet i Sunnhordland. Trafikkplanen gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt anbod i området.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

**Kjetil Hestad** sette fram forslag om utsetja saka slik at Skyss kan ta ein ny runde med kommunane i regionen for å drøfta innspela til trafikkplanen. For ikkje å tapa tid i forhold til utsending av konkurransegrunnlaget kan saka gå direkte til fylkesutvalet i desember.

### **Røysting**

Forslaget frå Kjetil Hestad vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert utsett slik at Skyss kan ta ein ny runde med kommunane i regionen for å drøfta innspela til trafikkplanen. For ikkje å tapa tid i forhold til utsending av konkurransegrunnlaget kan saka gå direkte til fylkesutvalet i desember.

## **PS 124/15 Bussanlegg i Sunnhordland**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 02.10.2015, vert lagt til grunn for vidare planlegging av nye bussanlegg på Stord og Bømlo.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

**Svein Halleraker** stilte spørsmål til habiliteten sin ettersom arkitektkontoret som han leiar har oppdrag med å teikna bussanlegga.

Utvalet fann Halleraker innhabil og Stein Inge Ryssdal tok sete i utvalet ved handsaming av saka.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 02.10.2015, vert lagt til grunn for vidare planlegging av nye bussanlegg på Stord og Bømlo.

## **PS 125/15 Søknad om etablering av 5 nye reserveløyve tilknytt Sveio Taxi DA**

### **Forslag til vedtak**

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert etablert 5 ny reserveløyve knytt til Sveio Taxi DA. Sveio Taxi DA skal stå som løyvehavar for reserveløyva.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert etablert 5 ny reserveløyve knytt til Sveio Taxi DA. Sveio Taxi DA skal stå som løyvehavar for reserveløyva.

## PS 126/15 Kjøp av bussanlegg i Nordhordland

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom MNG Holding Bergen AS og HFK Bussanlegg AS om kjøp av aksjane i MNG Eiendom Knarvik AS.
2. Fylkestinget godkjenner at MNG Eiendom Knarvik AS vert dotterselskap til HFK Bussanlegg AS og endrar namn til HFK Bussanlegg Knarvik AS.
3. Fylkestinget godkjenner utlån av kr. 66 mill. til HFK Bussanlegg AS. Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne låneavtale mellom Hordaland fylkeskommune og HFK Bussanlegg AS.

### Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### Innstilling

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom MNG Holding Bergen AS og HFK Bussanlegg AS om kjøp av aksjane i MNG Eiendom Knarvik AS.
2. Fylkestinget godkjenner at MNG Eiendom Knarvik AS vert dotterselskap til HFK Bussanlegg AS og endrar namn til HFK Bussanlegg Knarvik AS.
3. Fylkestinget godkjenner utlån av kr. 66 mill. til HFK Bussanlegg AS. Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne låneavtale mellom Hordaland fylkeskommune og HFK Bussanlegg AS.

## PS 127/15 Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019

### Forslag til innstilling

1 a) Investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 453 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 745 800
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	100 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>3 304 300</b>
Disponert slik:	
Bybaneutbygging	560 000
Fylkesvegar	1 703 000
Andre samferdselsføremål	218 300
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	757 000
Fellesfunksjonar	33 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>3 299 300</b>
Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>3 304 300</b>

- b) Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)		6 136 800
Finansutgifter	netto	678 500
Til finansiering av utg. i investeringsbud.		100 000
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>		<b>5 358 300</b>

Fordelt slik:

Politiske organ og administrasjon	netto	190 355
Eigedom	netto	121 000
Regional utvikling	netto	86 057
Samferdsel	netto	1 862 585
Kultur og idrett	netto	187 227
Tannhelse	netto	191 701
Opplæring	netto	2 737 515
Fellesfunksjonar	netto	-87 611
<b>FORDELTE PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto</b>	<b>5 288 829</b>

Tilleggsløyvingkonto		2 471
Lønsavsetjing		67 000
<b>TIL SEINARE FORDELING</b>		<b>69 471</b>

## 2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 453,5 mill. kr.

## 3. Tiltak for å bremsa veksten i lånegjelda

Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.

Fylkestinget vil trappa opp avdragsbetalinga inntil ein når nivået på nye låneopptak.

## 4. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	77 710
Stønad pr. representant i gruppa	kr	43 640
Frikjøp pr. representant	kr	42 460

## 5. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

## 6. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.16.

## 7. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjetteftet s. 57. Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.

## Økonomiplanen for 2016-2019

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.



## Saksprotokoll i hovudarbeidsmiljøutvalet - 06.11.2015

### Vedtak

Det framlagde årsbudsjettet for 2106 og økonomiplan for 2016-2019 vert teke til etterretning.

Representantane frå arbeidstakarorganisasjonane hadde to merknadar:

- 1) Arbeidstakarorganisasjonane bed om at det ikkje vert kutta i budsjett for læremiddel i 2016.
- 2) Arbeidstakarorganisasjonane ber om at 40%-stilling i Opplæringsavdelinga, knytt til førebyggjande arbeid ut mot ungdom ved bruk av stimulerende midler i idretten, vert oppretthalde. Stillinga er eit samarbeid mellom Antidoping Norge, Hordaland Idrettskrets og Hordaland fylkeskommune.

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande protokollmerknad på vegner av SP/AP/KRF:

«AP, KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.»

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av FRP/H/V:

«OPHE er bekymret over nedtrekket i budsjettet i opplæringssektoren. Utvalget minner om at HFK har som målsetning å minske fråfallet i den vidaregåande skolen. Skal målsetningen oppnås vil tiltak kreve ressurser. Skolene vil fortsatt ha et stort behov for midler til fornying av simulatorer og annet utstyr. Det bør vurderes å avsette egne midler til fagskolen. Det må settes av nok ressurser for å få økt lærlinger til offentlig og privat sektor.»

Representanten **Solbjørg Marjala** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av Raudt:

«Takstene ved de offentlige tannhelsetjenestene blir ikke øket, men opprettholdt på nåværende nivå.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Oversendingsforslaga frå Stenseide og Marjala følgjer saka utan realitetsbehandling.

Protokollmerknad frå Andersen følgjer saka.

### Forslag til innstilling

- 1 a) Investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 453 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 745 800
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	100 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>3 304 300</b>

Disponert slik:

Bybaneutbygging	560 000
Fylkesvegar	1 703 000
Andre samferdselsføremål	218 300
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000

Opplæring	757 000
Fellesfunksjonar	33 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>3 299 300</b>

Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>3 304 300</b>

b) Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	6 136 800
Finansutgifter	netto 678 500
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	100 000
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>5 358 300</b>

Fordelt slik:

Politiske organ og administrasjon	netto 190 355
Eigedom	netto 121 000
Regional utvikling	netto 86 057
Samferdsel	netto 1 862 585
Kultur og idrett	netto 187 227
Tannhelse	netto 191 701
Opplæring	netto 2 737 515
Fellesfunksjonar	netto -87 611
<b>FORDELTE PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto 5 288 829</b>

Tilleggsløyvingkonto	2 471
Lønsavsetjing	67 000
<b>TIL SEINARE FORDELING</b>	<b>69 471</b>

## 2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 453,5 mill. kr.

## 3. Tiltak for å bremsa veksten i lånegjelda

Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.

Fylkestinget vil trappa opp avdragsbetalinga inntil ein når nivået på nye låneopptak.

## 4. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr 77 710
Stønad pr. representant i gruppa	kr 43 640
Frikjøp pr. representant	kr 42 460

## 5. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

## 6. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.16.

## 7. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjettheftet s. 57.  
Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.

## **Økonomiplanen for 2016-2019**

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

### Protokollmerknad frå SP/AP/KRF:

AP, KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.

## **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **Innstilling**

Utval for miljø og samferdsel tok budsjettframlegget til orientering.

## **PS 128/15 Ymse**

## **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

### **ORIENTERINGAR**

#### **Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta**

Det vart orientert om følgjande

- Organiseringa av Skyss
- Kollektivstrategien – prinsippa som er lagt til grunn.

#### **Nytt frå Statens vegvesen v/Olav Finne**

Det vart orientert om følgjande.

- Organiseringa av Statens vegvesen
- Rammeavtale og leveranseavtale
- KVVU Hardangervidda-tunnelane, forslag og vidare saksgong
- E39 på Stord
- Opning av Folkedalstunellen den 10. noveber.
- Gjennomslag i Lussandberget den 12. november
- Opning Ringveg vest den 12. november
- 0-vekstmål for personbilbruk i Bergen vert krevjande å gjennomføra
- Ynskje om oppgraderingar og nye vegar vil krevja strenge prioriteringar
- Tiltak for å ta vare på det eksisterande vegnettet.
- Status for Stordalstunellen

### **YMSE**

**Geir Angeltveit** sette fram følgjande oversending.

Fylkesutvalet ber om at ein ser på høve til å nytte Kolltveittunnelen til gong- og sykkelveg.

**Nils Marton Aadland** stilte følgjande spørsmål.

Administrasjonen vert beden om å leggja fram informasjon om trafikkutviklinga for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik.

Administrasjonen vert og beden om å vurdere om det er mogeleg å få ny/betre korrespondanse mellom båt og buss.

Administrasjonen kjem attende med svar på spørsmåla.

**Marthe Hammer** stilte fylgjande spørsmål.

### **1. Kontinuerlig bygging av bybanen**

Det er eit mål om kontinuerlig utbygging av Bybanen til alle bydelar i Bergen. Traseen på byggetrinn 3 vil stå ferdig sommaren 2016, om alt går etter planen. Etter dette var det planlagt at bybanen skulle verte bygd vestover mot Fyllingsdalen, og så nordover.

Når det gjeld plan for bybanen mot Fyllingsdalen så ligg det føre uløyste innsigelsar til denne reguleringsplanen frå Jernbaneverket og Statens vegvesen<sup>1</sup>, samt at det er utfordringar ved fylling av Store Lungegårdsvann.

Med nytt fleirtal i bystyret i Bergen har ein derfor lest at av hensyn til kontinuerlig utbygging ønskjer byrådet raskast mogleg å få avklart trasé også nordover til Åsane.

1. Kva er status for målet om kontinuerlig bygging av bybanen, spesielt med tanke på å løyse situasjonen i Sentrum for bybanen vestover og strekninga over Mindemyren?
2. Kva er realistisk for framdrift av bybanen mot Åsane, og kan dette verte påbegynt innan byggetrinn 3 er ferdigstilt?

**Håkon Rasmussen** svara på spørsmåla.

1.

Bergen kommune som planmynde har full prioritet på arbeidet med planavklaring for byggetrinn 4 for Bybanen til Fyllingsdalen, over Haukeland sjukehus og Mindemyren. Prosjektet legg til grunn at bygging tek til i 2018. Avklaring mot Jernbaneverket er høgt prioritert. Hordaland fylkeskommune deltek i arbeidet for å skjømte våre interesser, som kollektivmynde samt utbygger, eigar og driftar av Bybanen.

2.

Ny byrådserklæring legg til grunn at sak om traseval mot nord bør kome i løpet av 2016. Det vil då vere tid til ein ordinær planprosess, slik at bygging mot nord kan følgje direkte etter byggetrinn 4 til Fyllingsdalen.

### **3. Folkeaksjonen "Skysslinje 4 tilbake til Varden" / Overlevering av underskrift**

5. november vart Hordaland Fylkeskommune ved Fylkesordførar Anne Gine Hestetun overrakt 1450 protestunderskrifter og dei dokumenterte konsekvensane av at Skyss har nedlagt busslinje 4 til Varden-området i Fyllingsdalen. Bak den store folkeaksjonen med krav om gjenoppretting av linje 4 mellom Varden-Sentrum og Flaktveit, står bebuarar i alle borettslaga på Varden, (719 husstandar) FAU for dei 16 klassane ved Varden skole (600 familiar), og underskriftene frå de 6 fastlegane, jordmor, sjukepleier, medisinsk personale og 475 pasientar ved Varden Legesenter som betjener 8.400 pasientar frå heile byen. I tillegg barnehagar, kirka, institusjonar og frivillige organisasjonar.

Når kan ein forvente at denne saka vert lagt fram for politisk handsaming?

Administrasjonen kjem attende med svar på spørsmålet.

### **4. Sikker skuleveg og utbetring av fylkesvei 404 Kvamme-Kvamsbrekko- Fosse**

---

Leiar for Trafikkgruppa til FAU ved Alversund barneskole i Lindås, Geir Bruland Tonning, har sendt e-post til samtlige medlemmar av MISA om fylkesvei 404 Kvamme- Kvamsbrekko – Fosse. Bakgrunn for dette engasjementet og initiativet er at FV404 i dag har dårleg standard og ikkje er tilrettelagt for myke trafikantar. Med dagens trafikkmengde (1300 biler ÅDT i 2014), planlagt utbygging og manglende tilbod til myke trafikantar, er det behov for opprusting av vegstrekninga og etablering av fortau.

Det er mange skolebarn som benytter seg av denne strekninga idag som skuleveg. Sjølv med rett på gratis skoleskyss grunna trafikkfarleg skuleveg, blir denne vegen brukt til mykje anna. Det er også eldre som ønsker seg ut på tur, men ikkje tørr på grunn av mangel på tilrettelegging for myke trafikantar. Mange av fritidsaktivitetstilboda for barn er ved Alversund skole og derfor blir denne vegen også brukt av barn utanom skoletid. Bebuarane i området føler seg hemma grunna den dårlege standarden og mangel på tilrettelegging for mjuke trafikantar.

Kva er status for oppgradering av denne vegstrekninga?

Administrasjonen kjem attende med svar på spørsmålet.

**Gustav Bahus** sette fram fylgjande oversending.

Ber om at Skyss ser spesielt på korrespondansen mellom ferje og buss på strekninga Våge-Halhjem og Halhjem-Bergen. Det er berre eit par minuttar som gjer at ein ikkje rekk ferje eller buss på morgon og ettermiddag. Dette gjer det svært vanskeleg å velje kollektivreise for pendlarar.

**Gustav Bahus** stilte fylgjande spørsmål.

Ber om status på biogasshybridbussane og ombygging av desse, når dei er i trafikk og om kor arbeidet med å nytta slike bussar mot Åsane slik det tidlegare er spurt om står.

**Oddmund Sylta** svara på spørsmålet.

Den eine bussen har kome tilbake frå leverandøren og den neste kjem innan kort tid. I løpet av kort tid vil bussane bli sett i drift på linje 9. Før det eventuelt vert aktuelt å setja bussane inn på andre linjer skal drifta av bussane på linje 9 evaluerast av vegdirektoratet.

#### **Opplæring/innføring i utvalet sitt saksområde**

Fleire av medlemmane i utvalet tok til orde for å få ei nærare innføring i utvalet sitt store saksområde.

Håkon Rasmussen opplyste om at det vert lagt opp til å nytta ein av dagane (10. februar) på februarmøte til opplæring/innføring i saksområdet. Dersom det er spesielle saker som ein ynskjer å ta opp, så kan ein melda det inn til administrasjonen. Det vart vidare synt til ein nyleg utgjeven publikasjon som er initiert og finansiert av Samferdselsdepartementet – «79 råd og vink for utvikling av kollektivtransport i regionene». PDF-utgåva kan lastast ned via [regjeringen.no](http://regjeringen.no) eller tingast ved e-post til [postmottak@sd.dep.no](mailto:postmottak@sd.dep.no).

Utvalseiaren opplyste om at ein ville leggja opp til at utvalet hadde ein felles middag og sosialt samvær etter møte den 10. februar.